


3.5 Fosdalen

Topografi og landskapsformer

Figur 3.5.1 er eit topografisk kart over Fosdalen. Fosdalen er ein sidedal på austsida av Lodalen. Dalen går forholdsvis bratt opp frå Tyva, og dalen flatar noko ut frå om lag 700 moh. I aust er dalen avgrensa av Tyvareset, 1260 moh. Dalsidene er bratte og dalen er omkransa av høge fjell, som t.d. Geitafjellhyrna (1628 moh.), Storskredfjellet (1815 moh.), Fosdalskyrkja (1773 moh.), Stryneskåla (1848 moh.), Skåla (1843 moh.), Rongjuvnbibba (1572 moh.), Sandsnibba og Vesleskåla (1238 moh.).




Figur 3.5.1 Topografisk kart over Fosdalen (Tyvadalen), ein austleg sidedal til Lodalen. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.


Lausmassekart og jordartsfordeling

Figur 3.5.2 syner eit lausmassekart over Fosdalen. Dalbotnen i Fosdalen er dominert av morenemateriale, medan dalsidene er dekkja av skredmateriale, hovudsakleg etter snøskred og flaumskred. På Geitafjellhyrna, Storskredfjellet, Stryneskåla og Skåla er det blokkhav (fjell

forvitra på staden). I Fosdalen er det kartlagt moreneryggar av ulik alder. I yngre dryas (12.800-11.700 år sidan) låg det ei Bretunge opp Fosdalen frå hovudbreen i Lodalen. Øvst i Fosdalen (mot aust) er det sidemorenar frå denne perioden (fig. 3.5.3: A). I det same området er det moreneryggar frå Erdalen Event (10.100-9700 år før notid) avsett frå sør av lokale botnbreiar under Skåla og Stryneskåla (fig. 3.5.3: B). Innanfor desse moreneryggane er det moreneryggar avsett under 'den vesle istida' (fig. 3.5.3: C), som kulminerte midt på 1700-talet.



Figur 3.5.2 Lausmasskart over Fosdalen.



Figur 3.5.3 LiDAR-kart over Fosdalen. A: Morenerygger fra yngre dryas-perioden (12.900-11.700 år sidan), B: Erdalen Event (10.100-9700 år før notid) og C: 'den vesle istida'.

LiDAR-kart: hoydedata.no

Verdivurdering

Morenerygger fra yngre dryas-perioden (12.900-11.700 år sidan), Erdalen Event (10.100-9700 år før notid) og 'den vesle istida' er viktige naturdokument og er av stor vitenskapelig interesse.